

På veg mot store rockescener



Fire erfarne musikarar har slått seg saman og laga rockebandet Lucky Lew. Den første plata er produsert i ekspressfart. Fredag var det konsert og sleppefest på Garage i Bergen.

Tung røyk sviv under det låge taket, røyken kjem frå ei røykmaskin vel å merka. Doggande ølglas i plast er samla for å ynskja plata «Hello miss Devine» velkomen til verda, og for å skåla med gamle kjende. Alt er som det skal før releasekonsert, spenninga er både til å ta og føla på.

Slutt på iTCH

To av rockarane har røter i Kvinherad. Gitarist Håvard Sætrevik, som ikkje må forvekslast med Grenda sin komande redaktør, og bassist Svein Knudsen, begge frå Husnes, spelte saman i gruppa iTCH i seks år. Sidan arbeidet med iTCH ikkje resultererte i anna enn ei EP-utgjeving, bestemte dei seg for å satsa for fullt på nye prosjekt då iTCH vart oppløyst våren 2006.

I mars koplade dei seg saman med den kvinnelege vokalisten og låtskrivaren Katrine Stavnes. Saman med trommis Christen Sigridnes byr dei på hardtslåande rock med Lucky Lew. Plata har dei produsert sjølv. Ikkje berre får dei bestemma alt, å produsera på eiga hand utgjør òg ein kostnadsforskjell frå 60 000 kroner og ned i til 1200 kroner.

–Vi sleng ut ei plata no for å seie hei til publikum. Eigentleg har det kanskje gått for fort, innrømmer gitarist Sætrevik rett før konsertstart.

Det betyr ikkje at bandmedlemmene ikkje er nøgde med resultatet.

Hello miss Devine har åtte låtar med spenn i intensitet og lydbilete.

Tøft uttrykk

Under konserten dunka det etter kvart godt i adamseplet. Dunkinga vart avløyst av mjukare tonar, utan at rocke-uttrykket slapp taket. Publikum fekk smaka på fem ferske låtar i tillegg til materialet på plata. Det vart slett ingen dårleg start for eit forhåpentlegvis langt forhold mellom Lucky Lew, Miss Devine og ikkje minst publikum.

Ps. Bak namnet Lucky Lew, som er ei forkorting for Lucky Lewis, ligg ei lang historie. Den kan du lesa om på bandet si innhaldsrike heimeside. Der står òg forklaring på platenamnet Hello miss Devine. Vi kan røpa såpass at Miss Devine er kjærasten til heldige Lewis. www.luckylewmusic.com

Lucky Lew er ute med si første plata og gav ein forrykande release-konsert på Garage fredag. Frå venstre: Mr. Barillion (Håvard Sætrevik), Villa:K (Katrine Stavnes), Saint B (Svein Knudsen) og bakerst på trommer Whezz (Christen Sigridnes).

Av Eli Lund